Vinje kommune
Rådmannen

Til alle heimar med barnehagebarn i Vinje kommune Vinje, 23.03.20

Fellesskriv frå Vinjebarnehagen i høve koronasituasjonen

Som jo alle har fått med seg har me ganske uverkelege og uvanlege dagar i samfunnet vårt for tida. Vinje kommune gjorde som resten av landet og stengte ned det ordinære barnehage- og skuletilbodet frå 13.03.20. Dette er eit ledd i kampen for å avgrense smitteutbrotet og å syte for å halde samfunnskritiske funksjonar i gang. Me held alle barnehagane og SFO-avdelingane opne på eit minimumsnivå for å gje tilbod til dei barna som har to foreldre i samfunnskritiske stillingar eit barnepasstilbod. Me er klar over at dette skapar store utfordringar for alle. Dette er ei tid med unntakstilstand der alle blir ramma – og nokon verre enn andre. Me er smerteleg klar over at det for nokre av dykk dreier seg om tap av inntekt eller vanskelege dagar med heimekontor og kjedeleg isolasjon. Det er slik at me ikkje kan gje fleire tilbod om plass på grunn av krava frå myndigheitene i høve smittevern og beredskap. Barnehagane vil gjere det som er mogleg for at dette tross alt skal gå så smidig som mogleg.

Når dagane no går og barna må vere heime, vil det vere ulike behov som melder seg i heimane. Då er det viktig for oss at de veit at de kan ta kontakt på telefon eller mail for tips eller råd. Me er trygge på at de som kjenner barna dykkar best veit best kva dei treng no, men me bidreg gjerne. Det er nok lurt å skjerme barna for mykje av nyheitene no, og prøv å nytte tida de no får saman til enkle og positive opplevingar.

Til vanleg møter jo barnehagen foreldre opptil fleire gonger kvar veke, ja nokre gonger to-tre gonger dagleg, slik at desse dagane med «heimebarnehage» kan bli opplevd som litt vakuum utan særleg kontakt. Ped.leiarane eller andre frå barnehagen kjem difor til å ta kontakt med heimane ein gong i veka. Om nokon oppfattar dette som unødvendig eller for lite, må de berre seie ifrå. Ta kontakt med barnehagen slik de vanlegvis gjer når det er noko. Elles vil det kome jamleg informasjon på **Varsling 24**, slik at de får lik informasjon om det som gjeld alle.

Ta godt vare på kvarandre og prøv å vise litt ekstra tolmod og omsorg for kvarandre i desse vanskelege dagane. Snakk saman og trygg barna på at me vaksne gjer det me veit er best.

Beste helsing Vinje kommune, barnehageansvarleg og styrarane i Vinjebarnehagen